

Til fylkesrådmannen i Hordaland

Frå Valen Kraftverk AS – styret

Hordaland fylkeskommune

20 APR 2017

2014/11331-

Bergen, 6. april 2017

VALEN KRAFTVERK AS – ANSVARLEGE LÅN

Valen kraftverk AS ber eigaren – Hordaland fylkeskommune – om konvertering av eit ansvarleg lån på 6 mill. kr til eigenkapital og om eit nytt ansvarleg lån på 25 mill. kr.

Valen Kraftverk AS har fått pålegg frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om rehabilitering av Valedalsdammen innan utgangen av 2017. Dam Valedalsvatn skal rehabiliterast som følgje av at dammane ikkje har eit tilfredsstillande sikkerheitsnivå. Prosjektet er teknisk utgreidd og tekniske planar for dammar er godkjende av NVE i brev av 27.10.2015.

Detaljprosjektering pågår av firma Norconsult i Bergen. I tillegg skal det søkjast Kvinnherad kommune om løyve til tiltaket samt godkjenning av miljøplan for utføring av arbeida.

Prosjektet – som også inkluderer veg opp til dammen - er kostnadsrekna til 25 mill. kr. Prosjektet gjev ikkje auka kraftproduksjon.

Pga. venta låge straumprisar dei næraste åra er det ikkje mogleg å finansiere prosjektet med banklån. Styret ber eigaren – Hordaland fylkeskommune - om eit ansvarleg lån til å finansiere den styresmaktpålagde forsterkinga av dammen.

For å styrke eigenkapitalen i selskapet ber styret samstundes om at eit ansvarleg lån på 6 mill. kr vert konvertert til eigenkapital. Det lånet vart etablert i samband med skipinga av aksjeselskapet i 2003 og skjedde utan kontantutlegg frå fylkeskommunen.

Om Valen kraftverk

Valen kraftverk vart etablert i 1909 som ein del av utbygginga av Valen som sjukehus.



Dette er ei gamal skisse frå før utbygginga. Skissa viser korleis vatnet renn i Valedalen. (Trerøyr og tidlegare stålrøyr, sjå skissa, vart skifta ut i 2008, i samband med at det vart bygd nytt kraftverk.)

Kraftverket utnyttar i dag vel 300 m av fallet i Valedalen. Øvst opp i dalen ligg Vetledalsvatnet 741 moh. Herifrå renn vatnet naturleg ned i hovudbassenget Valedalsvatnet. Her er Valedalsdammen som no må forsterkast. Valedalsvatnet ligg 477 moh. Frå Valedalsvatnet renn vatnet vidare naturleg ned i oppsamlingsbassenget Elvadammen 331 moh. Frå Elvadammen renn vatnet – no i røyr – ned til Svartatjødna 325 moh, som er inntaksmagasinet til Valen Kraftverk.

Kraftverket har heile tida vore i Hordaland fylkeskommune si eige. Fram til 2002 var kraftverket ein integrert del av drifta av Valen sjukehus.

I samband med sjukehusreforma krov staten eigedomsretten også til kraftverket. Ved forhandlingane krov fylkeskommunen å behalde kraftverket i fylkeskommunalt eige. Bakgrunnen var at kraftverket representerte betydelege verdjar. Fylkeskommunen meinte kraftverket ikkje lenger var å sjå på som ein naturleg del av sjukehusdrifta. Fylkeskommunen kunne verte god framhaldande eigar. Svært mange kommunar og fylkeskommunar eig kraftverk.

Fylkeskommunen sine synspunkt i 2001 førte fram og kraftverket vart verande i fylkeskommunalt eige. Resultatet vart gunstig for fylkeskommunen. Sidan 2003 – då kraftverket vart gjort om til eit aksjeselskap – har det blitt utbetalt 7,6 mill. kr i utbytte og selskapet disponerer i dag betydelege verdjar.

Medan kraftverket var ein del av sjukehusdrifta vart heile el-produksjonen berre nytta av sjukehuset. Det årlege forbruket var om lag 5 GWh. Selskapet hadde også eit lokalt nett på sjukehusområdet. Dette nettet er seinare selt til Kvinnherad Energi AS, som har områdekonsesjon her. Den gamle kraftstasjon frå 1939 hadde større kapasitet. Mykje vatn gjekk til spille.

Det første det nyvalde styret i 2003 tok fatt på, var difor å knytte Valen Kraftverk til det overordna kraftnettet slik at ein kunne utnytte maskinparken i den gamle kraftstasjonen fullt ut. Med ei svært lita investering (kr 100.000) greidde ein å auke produksjonen og inntektene vesentleg – til om lag 9 GWh.

Men den gamle kraftstasjonen var svært gamal – frå 1939 – og sto i fare for å kunne bryte saman når tid som helst. Styret sette difor i gang arbeidet med å søke om konsesjon til å bygge ny kraftstasjon og nye rørgater opp til Svartatjødna, og nye overføringsrøyr med tilstrekkeleg kapasitet for overføring av vatn frå oppsamlingsbassenget (Elvadammen) til inntaksmagasinet (Svartatjødna).

Selskapet fekk konsesjon og bygde ny kraftstasjonen. Utbyggingskostnadene vart omlag 40 millionar. Gjennomsnittleg ny årsproduksjon er berekna til 19,3 GWh.

Den nye kraftstasjonen med nye rørgater sto ferdig i 2008. Rørgata går no i bakken opp til Svartatjødna og er ikkje lenger synleg.



Utbyggingskostnadene var låge, vel to kr pr kwh , og med dei kraftprisane ein hadde fram til 2015 var økonomien i selskapet god med årlege overskot som kunne betalast ut til fylkeskommunen – i alt 7.5 mill. kr - og god likviditet. Samstundes vart eigenkapitalen styrkt med vel 6,3 mill. kr og er no på 10,5 mill. kr.

Eigenkapitalen

Eigenkapitalen i selskapet er som nemnt 10,5 mill. kr, som er om lag 22 % av bokførte verdier. Det er lågt og vil verte langt lågare etter at den nødvendige damforsterkinga i Valedalsvatnet er gjennomført. Selskapet ber difor fylkeskommunen konvertere det ansvarlege lånet på 6 mill. kr som fylkeskommunen har i selskapet, til eigenkapital. Det ansvarlege lånet vart etablert i samband med skipinga av selskapet i 2003 utan kontantutlegg for fylkeskommunen.

Valedalsdammen



Valen Kraftverk AS har fått pålegg frå NVE om å utbetra Valedalsdammen innan utgangen av 2017. Det har teke lang tid å utgreia prosjektet, noko som skuldast mangel på teikningar og tekniske data over dammane. Dessutan var dammane bygde før konsesjonlovane, som kom i 1916. Etter mykje att og fram med NVE enda ein opp med at NVE skulle godkjenne dei tekniske planane, medan ein måtte søkja Kvinnherad kommune om godkjenning av miljøplan, dispensasjon frå arealdelen i kommunedelplanen, løyve til tiltaket og godkjenning for bygging av veg frå eksisterande veg ved Elvedammen til dammane ved Valedalsvatn. Kvinnherad Energi AS har i avtale med Hordaland Fylkeskommune ansvaret for den daglege drifta av selskapet.

Kostnad ved utbetring av dam er berekna til 25 mill. kr, tilsvarande beløp vi no søker om å få tilført som auka lån frå eigar. Styret har vurdert finansiering av tiltaket frå bank utan å få til ei løysing då tiltaket ikkje vil gje auka kraftproduksjon.

Dersom pålegg frå NVE ikkje vert utført som planlagt vil det føra til redusert produksjon for Valen Kraftverk AS. I tillegg vil det verta krav om redusert høgde på dammane, som også vil påføra Valen Kraftverk AS store kostnader.

EL-sertifikat

Styret har søkt NVE om å få elsertifikat noko som no ligg til endeleg avgjerd i OED etter avslag på søknad frå NVE og klage frå Valen Kraftverk AS. Får ein godkjent søknaden, vil det gje vesentleg auka inntekter – men ikkje tilstrekkeleg til at selskapet kan greie å finansiere damforsterkinga med ordinære banklån.

Framtidige utbyggingar

Frå Valedalsdammen og ned til Elvedammen er det eit fall på 147 m som ikkje vert nytta til kraftproduksjon i dag. Vatnet renn i bekk til Elvedammen og vidare i røyr til Svartatjødna.

Selskapet har fått konsesjon til å bygge ein ny kraftstasjon (Valedalen) for å utnytta det meste av dette fallet. Stasjonen kan gje om lag 6 nye GWh. Selskapet greier no ut om dette prosjektet let seg realisere økonomisk.

I Handelandselva som ligg nokre kilometer lenger aust enn Valedalen, har Valen Kraftverk AS rett til fallet på Handelandssida av elva. Denne fallretten har

sjølvstøtt ein verdi som det førebels er vanskeleg å stipulere. Ein er i gang med eit jordskifte for å klargjere vilkåra for ei eventuell framtidig utnytting av fallet. Om det vert utbygging er den mest realistiske løysinga at Valen Kraftverk AS leiger ut fallretten til ein annan utbygger.

Økonomien i Valen Kraftverk AS

Som alt nemnt har økonomien i Valen Kraftverk AS vore god. Selskapet kunne år etter år framlegge gode resultat og delte eit årleg utbytte til eigaren – 7,6 mill. kr over åra 2004 – 2014. Samstundes har ein bygd opp eigenkapitalen frå 4 mill. kr til 10,5 mill. kr.

I 2015 fall lønsemda i selskapet som følgje av vedvarande låge straumprisar. Ein har likevel gått i balanse både i 2015 og 2016. Pga. avdrag på banklånet som finansierte utbygginga av kraftverket har ein likevel desse åra hatt negativ kontantstraum.

Lånet som på sitt høgste var knappe 42 mill. kr, er ved utgangen av 2016 nedbetalt til 29,9 mill. kr.

Konklusjon

Valen Kraftverk AS står framfor ei stor utfordring. NVE har pålagt selskapet å forsterke dammen i hovudmagasinet Valedalsvatnet. Forsterkinga av dammen gjev ikkje auka produksjon.

Prosjektet er kostnadsrekna til 25 mill. kr og kan ikkje finansierast med auka banklån. Selskapet har eit restlån etter utbygginga som sto ferdig i 2008, på 29,9 mill. kr. Saman med eit ansvarleg lån til fylkeskommunen på 6 mill. kr som vart etablert utan kontantutlegg frå fylkeskommunen i samband med skipinga av aksjeselskapet i 2003, har selskapet ei langsiktig gjeld på 35,9 mill. kr som er vel 76 % av totalt bokførte verdier på 47 mill. kr. Eigenkapitalen er 10,5 mill. kr.

For å styrke eigenkapitalen ber styret om at fylkeskommunen konverterer det ansvarlege lånet på 6 mill. kr til eigenkapital.

Damforsterkinga til 25 mill. kr kan altså ikkje finansierast med auka banklån. Styret ber om eit nytt ansvarleg lån frå eigaren – Hordaland fylkeskommune –

på 25 mill. kr for å sikre finansieringa av damforsterkinga. Utan finansiering av damforsterkinga vil det vera fare for store ekstrakostnader og monaleg mindre produksjon i kraftverket, for å tilfredsstilla damsikkerhetsforskrifta.


Sigrid Helene Aardal


Johnny Stiansen


Guro Klyve

Vedlegg;

Pålegg frå NVE om utbetring av Valedalsdammen
Teknisk beskrivelse av utbetring av dam og anleggsveg
Rekneskap 2016